


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
JANUAR 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkeim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkeim.kommune.no
Opningstider:
Måndag – onsdag kl. 15.00 -19.00
Torsdag – fredag kl. 12.00 – 15.30
Lørdag Stengt

DIM-RENOVASJON:

Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengt. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

Frå elva i Sandvassdalen.
Foto: Synnøve Grøtteland Helland

NESTE NUMMER:

kjem ut seinast 28. jan. Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 19. jan. kl. 24.00. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkeim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkeim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Då var jul og nyttår forbi. 2021 er på trappene. Mitt nyttårsønskje er eit covid19-fritt samfunn, og at vi igjen kan ta tilbake kvardagen.

Eg håper alle har hatt ei fredfull julefeiring, fått lada batteria, spist mykje god mat, og truffe igjen sine

nære og kjære. Vi går nå inn i eit spennande år for Bjerkeim. Her kjem nokre tankar og ønskjer for det nye året.

I løpet av 2021 håper eg E39 er påbegynt frå Ålgård. Eg håper på ei god framdrift i planane med nytt omsorgssenter og ikkje minst håper eg sentrumsplanen blir eit spennande og inkluderande prosjekt å arbeid med. Eg håper også at North Sea Energy Park blir ein suksess!

I budsjettet gjorde politikarane fleire justeringar som gjer ei tydelig retning for kommunen.

Eg har lyst å nemna satsinga vi gjer på reiseliv og turisme. Vi har ein fantastisk flott kommune, og i året som kjem vil vi promotere dette endå sterkare. Dette gjer vi for dei av dykk som driv kommersielt opp mot turisme, for eigne innbyggjarar og for å tiltrekke oss endå fleire potensielle hyttebuarar. Det er eit kjekt prosjekt som vil setja søkelyset spesielt på 4 områder i kommunen. Gloppedalsura, Bjerkreimselva, Ørdsalsvatnet, og Stavtjørnområdet. Vi gler oss til fortsettelsen.

Vi har også gjort fleire tiltak for barn og unge. Ungdomsrådet har fått eit årleg beløp som skal gå til tiltak for barn og unge. Skulane i Bjerkeim har fått rammer for oppgraderingar både inne og ute, gymsal, ballbinge, uteområder, mm. Kulturparken står også foran eit løft; kanskje ein utescene, sandvolleyballbane mm. Det viktigaste er nok midlane vi har satt av til å tilsetje ein frivillegsentral. Målet er at vi får ein frivillegsentral som skal vere eit bindeledd mellom det frivillege og andre områder i kommunen. Det å knytte menneske saman og dra i same retning er ekstra viktig i små kommunar med små økonomiske rammer. I ein frivillegsentral kan vi skape møteplassar for barn og unge, arrangement, sosiale samlingar og trygge rammar der vaksne er tilstade for barna. Det kan også bli ein møteplass for eldre og å bidra til inkludering. Dette vil hjelpe på ensomhet, utenforskap og gje muligheter i bygda til å bruke seg og sine kunnskapar der det trengs. Det er ikkje begrensinger på kva ein frivillegsentral kan arbeide med, her må vi «forme mens vi går» det er viktig at ikkje denne rolla konkurrerer med andre organisasjonar som allereie er i Bjerkeim, men tek ei utfyllande og koordinerande rolle for å skape samarbeid mellom enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv, kommunen mm.

Eg kunne både sagt og skreive mykje meir om kva vi ønskjer å skape, få til og utføre i 2021. Men Ordførers Hjørne har for lengst blitt Ordførers side. Så det får vi spare til neste nummer av Bjerkreimsnytt.

Eg vil ønske alle ein riktig god vinter.

Vennleg helsing, Kjetil

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE JANUAR

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Gruppemøter:	Måndag 11. kl. 19.00
Formannskap	Tysdag 12. kl. 13.00
Kommunestyret:	Tysdag 19. (eigarmøte.) kl. 19.00
Fellesråd:	Torsdag 28. kl. 13.00
Ungdomsråd:	Torsdag 28. kl. 18.00

VAKSINE MOT COVID-19 I BJERKREIM

Kvar får eg vaksinen?

I Bjerkreim er det planlagt at vaksinerer blir gjort på same måte som for influensavaksine, dvs ved frammøte på Vikeså Misjonshus. Dei som av helsemessige årsaker ikkje kan møta opp der, vil det bli gjort individuell avtale med.

Kven får vaksine først?

Vaksinerer mot COVID-19 startar vinteren 2021. Truleg vil dei som bur på Omsorgssenteret og i omsorgsbustader blir prioritert først, deretter innbyggjarar i synkande alder, dei eldste først. Alle som skal få tilbod om COVID-19-vaksine, vil bli kontakta for å avtala eit tidspunkt for vaksinerer.

Kan eg få vaksinen når det passar for meg?

Det vil bli fleire alternative tidsrom for vaksinerer. Men - vaksinen må brukast i løpet av få dagar etter at kommunen har fått han, så det vil ikkje vera mogleg å reservere vaksine til eit seinare tidspunkt. Alle som får vaksine mot COVID-19, skal få to dosar, med tre veker mellomrom. Du kan dermed ikkje reisa bort når det er tid for dose nummer to, men du må vera tilgjengeleg for vaksinerer.

Er du ikkje folkeregistrert i Bjerkreim?

Viss du bur i Bjerkreim utan å vera folkeregistrert her, har du same rett på vaksine som andre. Sjå neste punkt.

Meir informasjon?

Utfyllande informasjon og kontaktinformasjon finn du på www.bjerkreim.kommune.no.

ENDREDE KLOKKESLETT

Svømmetilbud for barneskoleelever:
Mandager - Fra 4. januar:
Kl. 15.00 – 15.45 1. – 3. trinn
Kl. 16.15 – 17.00 4. – 7. trinn

SVØMMEKURS VÅREN 2021

Det blir arrangert svømmekurs på ulike nivåer våren 2021. Oppstart ca. 8. januar, kurs går over 8 uker. Oppmøteplan blir sendt ut. Merk nytt tilbud: Ekstra småbarnkurs på mandager.

- Mandag 17.30 – 18.15: Småbarn (fra det året barnet fyller 3 år. Barnet må ha følge i bassenget).

LEDIGE Plasser

- Fredag 16.15 – 17.00 Grunnkurs (fra 5 år. Barnet må ha følge i bassenget)

- Fredag 17.30 – 18.15 Småbarn (fra det året barnet fyller 3 år. Barnet må ha følge i bassenget).

NESTEN FULLT.

- Fredag 18.45 – 19.30 Videregående. (Må kunne flyte og ta noen svømmetak. Trenger ikke ha følge i bassenget).

Elektronisk søknadsskjema og mer informasjon om de ulike kursene finner du på kommunen sin hjemmeside under Skjema/søknadssenter – Kultur og fritid. Det tas forbehold om endringer i forhold til antall påmeldte.

MINNER OM HVOR VIKTIG DET ER AT ALLE LÆRER Å SVØMME!

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLET!

Ny, digitalisert video er lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner videoen under kultur – digitaliserte videoer: Bjerkreim Bedehus - det gamle bedehuset (1989?)

TILTAKSSTØTTE KULTUR

Lag og organisasjoner kan søke støtte til kurs, arrangement, større innkjøp mm. Elektronisk søknadsskjema finner du på kommunens hjemmeside under Skjema, kultur og fritid. Søknadsfrist 10. februar.

UKM BJERKREIM 2021

Samfunnshuset, Vikeså
19. februar kl. 18 – ca. 21.30
Bilde, musikk, sang, dans, band mm.
Meld deg på og vis hva du kan!
Inntil 4 sceneinnslag og 4 kunstverk går videre til fylkesmønstring i Sandnes 16. – 18. april 2021, enten dette blir vanlige forestillinger eller innspilling digitalt.
Påmeldingsfrist 01.02.2021
Påmelding på www.ukm.no

SVØMMETILBUD LØRDAGER

OBS! NYTT TELEFONNUMMER:
404 44 955 FOR Å RESERVERE Plass !

Kl 09.30 – 10.15 Voksne over 18 år (Garderobe fra 09.20)

Kl 10.45 – 11.30 Endret:

Familiebading (Garderobe fra 10.35)

Kl 12.00 – 12.45: Familiebading (Garderobe fra 11.50)

Kl 13.15 – 14.00: Familiebading (Garderobe fra 13.05)

Kl 14.30 – 15.15: Familiebading (Garderobe fra 14.20)

Oppstart etter nyttår 2. januar.

Maks 15 personer får plass i hver badegruppe. Gratis adgang. Husk badehette. Bleiebarn må bruke badebleie.

Lister blir lagt ut i gangen fra kl 09.30 for å reservere plass på de ulike gruppene. Du kan møte opp uten å ha reservert plass på forhånd, men alle må registrere seg før de går i garderoben. Du kan ringe badevaktene og reservere tid. Merk at grensa på 15 besøkende i hver gruppe er satt av kommunelegen, og er absolutt!

Alle besøkende har selv ansvar for å overholde smittevernregler, og holde 1 meters avstand til andre badegjester. Ingen med symptomer på luftveisinfeksjon må møte opp. Grunnet utvidet renhold, må garderobertømmes og rengjøres mellom hver badegruppe. Oppfordrer derfor besøkende til å være så raske som mulig i garderoben. Ha et godt bad!



Setja meg på sullarkrakk

(Berte Gilja, Bjerkreim)

Set-ja meg på sul-lar-krakk, sul-la bad-ne mí-ne,
eg ska sul-la bad-ne mitt, så dø ska in-kje gri-ne.
Skunna deg du jen-ta, bad-ne kan-kje ven-ta!
Ha på sok-ka ha på sko, gå i fjo-se mel-ka kō,
gje så bad-ne dri-k-ka.

FOTOKONKURANSE PÅ INSTAGRAM

Bli med på årets fotokonkurransse!

Del dine beste bilder fra Bjerkreim med oss på Instagram.

Bjerkreimselva, Gloppedalsura, Ørdsalsvatnet og Stavtjørn er kommunens nye «Reiselivsfyrtårn».

Del bilder fra disse flotte områdene med oss på Instagram!

Bruk emneknagger
#bjerkreim2021 og
#regionstavanger så er du med i konkurransen.

Juryen vil velge ut heldige vinnere 4 ganger i løpet av 2021.

Frister for å sende inn bilder:

Vinterbilder: innen 10.april.

Vårbilder: Innen 31. mai.

Sommerbilder: Innen 31. august.

Høstbilder: Innen 30. november

Vinnere blir kontaktet via DM (privat melding) på Instagram. Det blir flotte premier å vinne fra Bjerkreims reiselivsbedrifter.

En større hovedpremie vil bli trukket til slutt

• Ved å delta kan du bli spurt om vi får lov å bruke bildet ditt i forbindelse med markedsføring av Bjerkreim. Vi krediterer alle fotografer, jmf. Åndsverkloven. Hvis vi ønsker å bruke bilder i andre sammenhenger, tar vi først kontakt og ber om lov.

• Hvis det er gjenkjennbare personer på bildet, må du ha deres godkjenning for å kunne sende det inn.

• Er det bilder hvor barn er med, må foreldres samtykke være gitt.

• Husk at du må ha åpen profil for å delta!

LESERING

Bjerkreim bygdekvinne-lag arrangerer lesering vinteren 2021. I år kan du velge mellom disse bøkene:

- "Hekneveven" av Lars Mytting
- "Tollak til Ingeborg" av Tore Renberg
- "Morgenstjernen" av Karl Ove Knausgård
- "Vingårdens hemmelighet" av Kristin Harmel
- "Kongeriket" av Jo Nesbø
- "Synet av deg" av Holly Miller

Velg ei bok du vil lese, og meld deg på til Hege Brattebø, tlf. 991 54 864 innan 10. januar. Åpent for alle.

For meir info, sjekk Facebooksida til Bjerkreim bygdekvinne-lag eller ta kontakt med Hege.

ONSDAGSKLUBBEN 3G


6. januar: Rundtur Lervik på Tengs

Avreise Esso Vikeså kl 10.00

Ta med niste og sitteunderlag

Vel møtt.

Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma



HØYREAPPARAT

Treng du råd og vegleiiing i bruk av høyreapparat? Vi er å treffa på Coop Ekstra siste torsdag kvar måned frå kl. 10.00 til 11.00. Marit K Bråten (92628426) og Toril O Songe (93262477). Likepersonar HLF.

**DALANE
KULTUR festival**



DALANE KULTURFESTIVAL

Dalane Kulturfestival 2021:

13. – 20. mars i Bjerkreim, Egersund og Sokndal.

Planlagte konserter i Bjerkreim:

TIRSDAG 16. MARS KL 19.00

Knut Anders Sørum og Strømlaus trio i Bjerkreim kirke. Kr 300,-

FREDAG 19. MARS KL 19.00

Fransk aften – Fint fransk orkester på Pittergarden.

Kr 300, – p p. Lett servering inkludert i billettprisen

Lenke til billettsalg:

<https://www.egersundkulturhus.no/>

Foreløpig legges det kun ut 50 billetter til hvert arrangement pga smittevern.

**VIKESÅ MISJONSHUS
JANUAR 2021**

- 06. kl. 20.00 Bønnesamvær
- 08. kl. 20.00 Fredagsklubben
- 10. kl 11.00 Søndagssamling for heile familien, andakt ved Børge Vassbø, lovsang frå kl 10.30.
- 17. kl 11.00 Gudsteneste
- 18. kl. 19.00 Yngres og Korvetten
- 19. kl. 19.30 Logos
- 20. kl. 19.30 Samtalemøte

**BJERKREIM BEDEHUS
JANUAR 2021**

- 10. kl. 19.00 Årsmøte NLM
- 11. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 18. kl. 19.30 Yngres
- 19. kl. 19.30 Logos (på Vikeså)
- 21.-22. kl. 19.30 Møteveke, Imf
Roald Evensen talar
torsd-sønd
- 22. kl. 20.00 Fredagstreff
- 23. kl. 19.00 Lørdagskveld, Imf
- 24. kl. 11.00 Endelig søndag, Imf
kl. 11.15 Søndagsskule
- 25. kl. 18.30 Gutte- og jentelaget
- 26. kl. 19.00 Årsmøte Imf
- 27.-28. kl. 17.00 Barneveke, NLM
- 29. kl. 18.00 Barnevekefest, NLM



VELKOMMEN TIL GUDSTENESTER

(Me må til ei kvar tid halde oss til begrensningar i forhold til korona.)

Sundag 3. januar kl. 11.00.

Høgmesse i Bjerkreim kyrkje. Takkoffer: Misjonsprosjektet i Liberia

Sundag 10. januar

IKKJE gudsteneste i soknet

Sundag 17. januar kl. 11.00.

Gudsteneste på Vikeså Misjonshus. Takkoffer: Normisjon

Laurdag 23. januar kl. 19.30.

Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 24. januar kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Ivesdal kyrkje. Utdeling av biblar til 6. klasstrinn. Takkoffer: trusopløringa

Sundag 31. januar kl. 11.00.

G3 gudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Utdeling av biblar til 6. klasstrinn. Takkoffer: Det norske Bibelselskapet

DØYPTE

29.11.20 Kenneth Fuglestad

13.12.20 Emrik Roald Davis

DØDE

18.11.20 Reidar Arne Ommedal

03.12.20 Åsmund Slettebø

REVIDERTE VEDTEKTER FOR GRAVPLASSANE I BJERKREIM KOMMUNE.

Stavanger bispedømmeråd har godkjent reviderte vedtekter for gravplassane i Bjerkreim kommune. Vedtektene kan du lesa på www.bjerkreimkyrkja.no. Du kan også få dei på kyrkjekontoret eller senda E-post til arnfrid.espeland@bjerkreim.kommune.no dersom du ønskjer vi skal senda dei til deg.

Bøn for året som var og året som kjem

Kjære Gud. Takk for alt som vi har fått lov å vera med på i 2020.

Takk for sommar og sol, haustens grøde, arbeid, skule, fritidsaktiviteter, familie, vener, helseapparat, kommune, leiarane i landet vårt og mykje anna.

Men i år, kjære Gud, må me få lov å leggja fram for deg alt som har vore tungt og vanskeleg også. Ikkje minst alt det som har med denne pandemien å gjere; omsorg er nå omsett til "sosial distansering" og mange har hatt minimalt med sosial kontakt med dei som står dei nærast. Til og med kyrkja har i periodar måtte stenge dørene. Nå lever me med all slags avgrensingar: kor mange? Får me synga? Får me tenne lys? Får me feire nattverd? ..og mykje anna. Også når me elles ville samla storfamiliane (om det er glede eller sorg), får me ikkje vere kor mange me vil. Det er avstand og munnbind og karantene og mykje anna. Og på toppen av det heile har det vore ein svært mørk og regntung haust.

Derfor, kjære Gud, i himmelens slott; bed me at du må gje oss styrke! At me må halda ut! Til dei sårbare (og me alle) har blitt vaksinert! Til samfunnet kjem seg på føtene igjen – og ting vender tilbake til "normalen"! Lat oss få puste, kvile og henta oss inn igjen!

Difor bed me òg for året som ligg framfor oss. Måtte det bli eit år prega av kloke avgjersler; trygge, samarbeidsviljuge og rettferdige leiarar; og rettferdig fordeling av alle goder – inkludert medisin og vaksiner.

Ja, helbred oss, kjære Jesus! Vis oss omsorg, heilage Ande! Lat oss finna sann og nær kjærleik i året som kjem!

Velsign vår jord, Gud! Velsign oss alle!

Me bed om godt og tenleg vår, om sol og rik vokster. Gjev at alle må få arbeide godt og bruke sine talent og potensial; både heime, i det daglege arbeidd og i all læring. Lat 2021 bli året som på ein heilt ny måte blir prega av omsorg med nærleik! Må 2021 bli prega av berøring; med handtrykk og varme klemmar; og alle dei mange etterlengta omfamningar me har sakna.

Gud, me tenkjer også spesielt på alle dei som framleis lid og slit: menneske som er sjuke, dei som er forfylgde, som lever på stader med krig og undertrykking. Måtte 2021 vera eit år der folk og nasjonar lærer å leva i fred og respekt for kvarandre på ein ny og djupare måte. Me bed spesielt på "alle desse dine minste" kor dei enn måtte vera i verda.

Me vil også be for vår jord; for klima og alle menneskeskapte endringar. Lær oss å leve slik at me ikkje brukar opp ressursane som er tiltenkt våre etterkommarar, men lever berekraftig!

Kjære Gud, vår Far, vår bror, og livets oppretthaldar: me legg at dette fram for deg. Høyr alle bønner som stig opp frå våre hjarter. Gud, me bed. Herre, høyr vår bøn. Amen

mwh Leif prest

BIBLAR TIL 6. KLASSINGAR

Dei som går i 6. klasstrinn og som står i kyrkja sitt medlemsregister, vil få invitasjon i posten til å få bibel – og til å vera med på bibelvandrings-treffet «Kode B» etterpå. Utdelinga skjer på familiegudtenestane i Ivesdal kyrkje søndag 24. januar kl. 11.00. og i Bjerkreim kyrkje søndag 31. januar kl. 11.00. ALLE på 6. trinn er velkomne til å vera med – ta kontakt på tlf. 51201195/98 dersom nokon manglar invitasjon!

DÅPSSKULEN 2021

1.og 2. trinn på Vikeså skule får tilbod om dåpsskule i 2021. Me skal læra om skapinga, dåpen, nattverden mm. Det skjer på torsdagar etter skuletid. For begge trinna: 14., 21. og 28. januar og 4. februar. Me sender invitasjon etter kyrkja sitt medlemsregister, men alle er velkomne. Dersom du ikkje har fått invitasjon, er det berre å ta kontakt med kyrkjekontoret, tlf.: 51201195/98

VIKTIG PÅMINNING OM PT 2020

Landbrukskontoret vil på ny minna dykk på at dersom de ikkje har fylt inn beløp for avløysar-refusjon når de leverte søknaden om produksjonstilskot innan 15.10.20, eller ikkje hadde brukt heile tilskotet innan då, **så kan de korrigera søknaden på dette punktet fram til 10.01.21.**

Det same gjeld dersom de har sankt heim meir sauer frå utmarksbeite, enn det som vart gitt opp på søknaden 15.10.20. Etter 10.01.21 kan ikkje dette korrigerast, og eit godt tips er **å gjera endringa så raskt som mulig!**

Ved behandling av søknadene dykkar om produksjonstilskot, ser me at det er svært mange som bare har søkt på halve avløysartilskotet eller mindre. Ein får IKKJE utbetalt meir tilskot enn det ein har søkt om. **Med reine ord så betyr det at dersom du gøymer å korrigera avløysinga, så er pengane «tapt» den 11.01.21.**

Reint praktisk så går de inn på heimesida til kommunen <https://www.bjerkreim.kommune.no> og vel arkfana Næring, landbruk og miljø, så landbruk, deretter søkje om tilskot og så vel du produksjonstilskot. Her finn du direkte link til utfylling og endring av søknadsskjemaet i altinn. Trykk på den blå knappen Start tjenste, og logg deg inn via bankid og trykk på «endre søknaden». Nå kjem heile søknaden opp, og du kan gjera endringar. Me på landbrukskontoret får så beskjed om at det er gjort endringar i søknaden din, og godkjenner den på ny.

Me vil også nytta høvet til å

presisera at dei som brukar delar av avløysartilskotet til kjøp av tenestar frå næringsdrivande, så er det bare persondelen som gir rett på tilskot. Vi godkjenner ein sats på 350 kr/time, eks. mva, for arbeids-/persondelen. Dersom du t.d. vil bruka delar av tilskotet til rundballepressing, er det dermed bare 350 kr/time som er grunnlag for tilskot. Resten som maskinkostnad, nett, plast, syre, gis det ikkje avløysartilskot for. **«Persondelen» skal vera spesifisert på faktura.** Når det gjeld saue-klypping og klauvskjering, så vil heile beløpet utan mva, gje rett på tilskot, då maskinkostnaden er relativ låg.

Lurer du på noko, ta kontakt!

GJERDEKLYVARAR

Er du ein av dei som har gått nokre av alle dei merka turstiane me har her i Bjerkreim, har du garantert gått over fleire gjerdeklyvarar. Landbruksavdl hjå Fylkesmannen tok initiativ i 1990 til at ein skulle bruka nokre av landbruks-midlane for å leggja til rette for friluftsliv. Gjennom 25 år er det plassert ut ca. 6.000 gjerdeklyvarar gratis i Rogaland for tilrettelegging for eit variert friluftstilbod, der bønder meiner turgåarar er til minst ulempe for gardsdrifta.

Gjerdeklyvarane har vorte produserte på Sandnes og i Sandeid. Frå 2020 er ordninga lagt om, og ansvaret overført frå fylkesmannen til kommunane. Bjerkreim kommune har nettopp inngått eit flott samarbeid med Uninor om produksjon av gjerdeklyvarar, og med Elveeigarlaget som står som søkjar av tilskot på vegne av bøndene. Landbruksktr. har no løyvd tilskot av SMIL-midlane, til produksjon av 60 gjerdeklyvarar.



Terje Løvbrekke og Halvard Osland er stolte av dei flotte gjerdeklyvarane Uninor produserer

Uninor var veldig glade for å få dette oppdraget, då produksjon av gjerdeklyvarar er eit perfekt arbeid for deira bedrift. Dette er også veldig praktisk for kommunen og bøndene, med kort veg til henting av produktet. Uninor vil produsera klyvarar ved behov, og vil alltid ha på lager.

Det er plassert ut mange gjerdeklyvarar her i Bjerkreim langs dei minst 420 km med merka turstiar. Nokre av klyvarane har no sett sine beste dagar, og dei er dermed ikkje sikre lenger, og ein gjer lurt i å skifta dei ut. Har du behov for å skifta ut den gamle eller treng fleire gjedreklyvarar, så ta kontakt med Gerd på telefon 51 20 11 70 for søknad om dette, eller send ein e-post til gerdse@bjerkreim.kommune.no. Er du bonde, men har ikkje merka tursti på eigedomen, eller er du hytte-/huseigar som treng ein praktisk gjerdeklyvar for å koma over eit gjerde, ein hekk eller ein steingard, så kan du berre gå innom Uninor, så får du kjøpt denne flotte gjerdeklyvaren som er beisa med 2 strøk burmateak for 1.180 kr + mva = 1.475 kr.

INFORMASJON

Når du trenger fotograf, innramming eller hjelp til noe fotorelatert...
Vi benytter alt fra 120 år gamle kamera til dagens moderne digitale løsninger.



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på [hanmedhattenfoto](#)

Les av med mobilkamera Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreparasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no
e-post: gitar-handverk@hesbynet.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 31 50
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Me søker sommarvikar
(sjukepleiar, vernepleiar,
helsesekretær,
helsefagarbeidar,
student)

Sjå nettsida vår.



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor
Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

VELKOMMEN INNOM!